



Arkivsaknr: 2026/1022-6
Sakshandsamar: Tore Henrik Øye
Avdeling: Plan, forvaltning, utvikling

SAKSFRAMLEGG

Offentleg høyring - framlegg til kommunal forskrift om utvida bandtvang for hund i Vaksdal kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sender kommunedirektøren sitt framlegg til lokal forskrift om utvida bandtvang for hund i Vaksdal kommune på offentlig høyring, med høyringsnotat.

Høyringa er heimla i Forskrift om forsvarleg hundehald (hundelova) § 6.

Høyringsfristen vert sett til 1. november 2026.

Administrasjonen skal handsame innkomne fråsegner, og leggje fram endeleg framlegg til forskrift for handsaming i kommunestyret.

POLITISK HANDSAMING

Samandrag

Vaksdal kommune har eiga forskrift om utvida bandtvang, fastsett 15.08.2008:

[Forskrift om bandtvang for hund, Vaksdal kommune, Hordaland](#)

Forskrifta byggjer på hundelova av 04.07.2003.

Endringar i hundelova, med verknad frå 1. januar 2023, gav skjerpa krav til heimelsgrunnlag ved fastsetting av lokal forskrift for utvida bandtvang. Dette tydar at Vaksdal kommune si forskrift, slik den ligg føre i dag, ikkje i tilstrekkeleg grad, viser til heimlane i hundelova. Det er difor naudsynt å vedta ny forskrift, for å få eit forskriftsgrunnlag som er tufta på

lovverket.

I dette høvet har kommunedirektøren laga framlegg til ny forskrift om utvida bandtvang i Vaksdal kommune, i tråd med krava i hundelova. Dette som grunnlag for utsending på offentlig høyring, etter vedtak i formannskapet.

Det er utarbeidd eit [høyringsnotat](#) som grunnlag for høyringa, med framstilling av saka og grunngeving for høyringsframlegget.

Kommedirektøren rår til at framlegget til ny forskrift vert sendt på høyring til aktuelle høyringsparar, for endeleg vedtak i kommunestyret etter høyringsrunden.

Lovverk/rammer

- [Lov om forsvarleg hundehald \(hundelova\)](#)
- [«Veileder for kommunenes og statsforvalterens bruk av forskriftshjemler i hundeloven»](#)
- [Forvaltningslova § 37](#)

Saksframstilling

Vaksdal kommune har eiga forskrift om utvida bandtvang, fastsett 15.08.2008:

[Forskrift om bandtvang for hund, Vaksdal kommune, Hordaland](#)

Forskrifta byggjer på Lov om hundehold (hundeloven), kunngjort 4. juli 2023, med verknad frå 1. januar 2004.

Hundelova vart sist endra i 2022, med verknad frå 1. januar 2023. Her legg lova større vekt på eigar si plikt til å ha kontroll og sørge for at hunden ikkje er til unødig sjenanse eller fare.

I denne samanheng vart det gjort fleire heimelsendingar, mellom anna knytt til innføring av kommunal forskrift om ekstraordinær/utvida bandtvang etter § 6 i lova: «Sikring av hund ved båndtvang m.m.».

Forvaltinga av lova er lagt til Landbruks- og matdepartementet, som har registrert ulike kommunale praksis ved bruk av forskriftshjemlane i lova. Departementet har difor laga følgjande rettleiar om praktiseringa av heimlane i lova:

[«Veileder for kommunenes og statsforvalterens bruk av forskriftshjemler i hundeloven»](#)

Det vert i rettleiaren presisert at kommunale forskrifter må ha heimel § 6 i hundelova, frå bokstav a. til bokstav f., alt etter kva lovheimlar kommunen ønskjer å ta i bruk.

I denne samanheng har kommunedirektøren gått igjennom Vaksdal kommunen si gjeldande forskrift, med grunnlag i lova og rettleiaren.

Gjennomgangen viser at vedteken forskrift manglar referanse til aktuelt heimelsgrunnlag i hundelova. Innstillinga frå kommunedirektøren er difor å sende framlegg til ny forskrift på offentleg høyring:

Framlegg til forskrift om sikring av hund og utvida bandtvang etter hundelova, Vaksdal kommune, Vestland

Framlegget til ny forskrift går fram av vedlegg.

Saksvurdering

Kommunen kan, ut over hovudregelen om ordinær bandtvang, gje forskrifter på ei rekke, nemnde område for kortare eller lengre tidsrom. Dette for å ta omsyn til dei som ferdast der, jf. § 6, bokstav a. til f. i hundelova. Her må kommunen vurdere relevansen for eigen kommune, ut frå kor aktivt dei ulike punkta melder i høve til aktuelle omsyn.

Kommunedirektøren går inn på kvar enkelt punkt i høyringsnotatet som er utarbeidd. Det vert difor vist til dette notatet for formannskapet si vurdering i saka, og om framlegget til ny forskrift skal sendast på høyring.

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunedirektøren rår til at framlegget til forskrift om utvida bandtvang i Vaksdal kommune, vert sendt på offentleg høyring, med 1. november som høyringsfrist.

Vedlegg

- 1 Framlegg til lokal forskrift om utvida bandtvang, Vaksdal kommune
- 2 Høyringsnotat - framlegg til forskrift om utvida bandtvang for hund, Vaksdal kommune